

ARBEIDSGRUPPE - BYGGESAK

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport



1 Mandat og rammer

Arbeidsgruppen har som oppdrag å gå igjennom organisering, gebyr og bemanning

2 Organisering og gjennomføring

Gry Åsne Aksvik	Kommunalsjef økonomi og samfunn	Arbeidsgruppeleder
Erland Tveiti	Fagansvarleg, byggesak	Arbeidsgruppedeltaker
Kjell Negarden	Rådgjevar, byggesak	Arbeidsgruppedeltaker

Arbeidsgruppen har :

- Starta gjennomgang av gebyr
- Registrering av timer innan alle områder

3.0 Utredning

Arbeidsgruppa har drøfta ulike tiltak. Dei er nærare omtala under.

3.1 Beskrivelse tiltak

Gjennomgang av alle gebyr i arbeidsgruppa og i møte med Momentum. I samband med dette blir tidsbruk på ulike oppgaver registrert, slik at me får gjennomgang av ressursbruken pr saksområde. Sakshandsamarane dokumenterer kva de nytter tida til.

Det er mogleg me har for høgt service nivå, slik at ein bør justere ned dette.

Arbeidsgruppen har vurdert:

- Foreslå å justere gebyr alleriie frå 1. juli 2026.
 - Det har vore nedgang i talet på ordinære byggesaker, samstundes har det blitt fleire disp saker og komplekse byggesaker.
- Politikarane bør vurdere om me skal handsame dispsaker, eller avslå dei når dei kjem inn. Om me ikkje handsamar dei, vil det spare mykje tid.
- Innsynsforespørsler.
 - Innsynsløysing som gjer at folk kan finne info sjølv bør ha høg prioritet.
- Redusert telefontid
 - Det vil føre til at ein får meir effektiv sakshandsaming, da ein har kontinuitet i arbeidet.
 - Det kan føre til misnøye, når det tek lenger tid før me svarar på spørsmål.
- Vurdere effekten av innføring av Ebyggesak
 - Pr. i dag er det mykje som ikkje fungerer slik det var tenkt, og det har skapt meir arbeid enn me hadde tidlegare. Me får ikkje inn malar, og det er mykje rettingar på arbeidsflyten, dersom det er søknad om disp i sama søknad som tiltaket- må det leggst opp to arbeidsflyt for å få rapportert rett til KOSTRA.
 - Me er i kontakt med Sikri for å kartlegge kor feila ligg.
- Meir effektiv organisering av møter, slik at me får frigjort tid til sakshandsaming.
- Det er ikkje leigd inn vikar ved sjukefråver.
 - Dette har ført til at me har fått lenger sakshandsamingstid
- Me har høgt servicenivå, og bør justere det til å berre gjelde det kommunen har ansvar for.
 - Skilje på må og bør oppgaver
 - Sørge for at heimesida er oppdatert, og at folk lett finn den informasjon dei søker der.

- Kan nytte ressursane meir på tvers av fagområda, og dermed ta ned ressursbruken. Eit eksempel er om talet på saker innan plan og byggesak går ytterlegare ned, så kan ein vurdere å nytte ressursane på tvers av desse to områda dersom nokon sluttar – framfor å erstatte med ein ny tilsett.

Oversikt over type saker frå 2023 til 2026:

År	Søknad m/ansvar	Søknad u/ansvar	Disp	Utan søkn. Plikt	Årlege summar
2023	123	35	12	43	213
2024	106	44	7	25	182
2025	81	85	5	11	182
Fram til 1 juni 2026	34	35	5	6	80
SUM	221	164	17	42	

3.2 Konsekvenser av tiltak

Mange av tiltaka vil føre til at ein tar ned servicenivået og dermed får frigitt meir tid til sakshandsaming.

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppens forslag til tiltak for å nå målsettingen. Tabellen inneholder navn på tiltak, kvalifisert anslag på mulig besparelse i 2026 og 2027 (når fult implementert) og forutsetninger for at tiltaket skal kunne realiseres i økonomisk innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert
1. Redusert bemanning som følge av færre saker	500	500-1000	
2. Auka gebyr			Vanskeleg å talfeste og det er venta nedgang i tal på saker.

5. Oppsummering av heile arbeidsgruppa

Beskrivelse	Risiko, konsekvenser og forsvarlighet
• Redusere bemanning som følge av færre saker • Justere nivå på gebyr	• Det er viktig at talet på årsverk heng saman med dei lovpålagte oppgåvene me løyser. • Kan oppleve at service nivået blir tatt ned i høve til det me har i dag, om me blir strengare på å prioritere det som er lovpålagt og «ekstra service». • Kan bli mindre tid til å ut i felt for å sjå før ein handsamar saker. Det kan føre til dårlegare løysingar.

<i>Beløp i 1000 kr</i>	2027	2028	2029	2030
<i>Tiltak</i>	500	500	800	1000